



Leiar av soknerådet Møyfrid Kristoffersen med den nye salmeboka

Den nye salmeboka vart bokstaveleg tala klappa inn av sokneårsmøtet i kyrkja i ettermiddag. Prostiprest Pål Dale karakteriserte boka som samansett og allsidig før ho vart samrøystes innført i soknet - til erstatning for Norsk salmebok frå 1985. Dale peika på at den nye boka inneheld mange nye salmar.

Under gudstenesta før sokneårsmøtet song kyrkjelyden mellom anna ein av dei nye salmane - 'Når heile verda syng med Gud' - av Edvard Hoem og Henning Sommerro.

Uskedalen vil få 85 vanlege salmebøker og 10 med stor skift og fellesrådet vil dekkja utgiftene med unntak av skrifta utanpå..

Årsmelding, statistikk og rekneskap vart presentert under årsmøtet og rekneskapen synte ein saldo på 72 409 kroner no ved årsskiftet mot 76 786 for eitt år sidan,

Inntektssida synte 6 765 frå kyrkjelydsarbeid, 41 039 frå andre offer inkludert fasteaksjonen og 16 940 frå soknerådsarbeid (billetter, julekonsert og konfirmantjubileum).

På utgiftssida finn ein 47 147 i overført offer og 22 061 i sokneårsarbeid.

Kyrkja i Uskedalen er no inne i jubileumsåret og prostipresten sa han var imponert over den jobben som sokneråd og jubileumskomite har gjort med omsyn til planleggjing,

Dagens flinke organist var ein tenåring - Lovise Aartun Bergane frå Åkra. Også systra hennes Ruth Solveig bidro - ved å syngja Ave Maria til postludiet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Systrene Aartun Bergane imponerte ved orgelet